
MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

torsdag, den 4.11.2010 kl. 16.00 i kontrollutvalsekretariatet sine lokaler Lerstadvegen 545

SAKLISTE:

- Sak 13/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 2. juli 2010
- ” 14/10 - Vurdering av vedtak i PBD-SAK 13/10
- ” 15/10 - Vurdering av uavhengigheit
- ” 16/10 - Klage på saksbehandling i frådelingsak – Herlof Bjørg
- ” 17/10 - Borgundfjordtunnelen – oversending frå Øystein Grønmyr

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Erling Olav Brenne
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SULA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 2. juli 2010, kl.13.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av: Erling Olav Brenne

Elles til stades:

Øistein Ramsli = 2 voterande

Anne Berit Salen var ikkje tilstades.

Frå Sula kommune møtte rådmann Edvard Devold .

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 09/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. APRIL 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 27. april 2010 blir godkjent.

SAK 10/10

**FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM FINANSFORVALTNING I SULA
KOMMUNE**

Innstilling datert 28.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kommunestyret sluttar seg til dei konklusjonane og tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten om finansforvaltning i Sula kommune.

SAK 11/10

KLAGE PÅ SAKSBEHANDLING I FRÅDELINGSSAK - HERLOF BJØRGE

Saksutgreiing datert 28.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet med vedlegg.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett og sendt tilbake til rådmannen for eventuell uttale derifrå.

SAK 12/10

VURDERING AV VEDTAK I PBD-SAK 13/10 (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet bestiller ein gjennomgang/vurdering av saka frå kommunerevisjonen.

Erling Olav Brenne
leiar
(sign.)

Øistein Ramsli
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalget

Dato: 18.10.2010

SAK 14/10
VURDERING AV VEDTAK I PBD-SAK 13/10 (VEG 3 PÅ SUNDE)

Som vedlegg følger:

- Brev frå kommunerevisjonen datert 22.09.2010

På bakgrunn av vedtak i kommunestyret i sak 03/10, 04/10 og 05/10 gjorde kontrollutvalet i møte 02.07.2010 sak 12/10 vedtak om å bestille ein gjennomgang/vurdering av saka frå kommunerevisjonen.

Spørsmålet som kom fram av kommunestyret sin møteprotokoll var om vedtaket i fagutvalet for prosjektering, bygg og drift-sak 13/10 var i strid med gjeldande regelverk og om kommunestyret sine vedtak var avgjerande for kva veg som skulle byggast.

Kommunerevisjonen vinklar saka inn mot tre forhold. Det eine er at kommunestyret i sak 026/10 stadfestar at heile kostnadsramma på Solavågsvegen skulle overførast til 2010 til same føremål. Det andre er at PBD aukar totalramma i 2010 (budsjettskjema 2B) i investeringsregnskapen ved å bruke ledige midlar frå 2009 som ikkje var overført til nytt år av kommunestyret. Den tredje vinklinga er at PBD har vedteke at beløpet skal tilbakeførast frå løyvinga på 2011-budsjettet (forskottering på neste års budsjett).

Slike disposisjonar er det berre kommunestyret sjølv som har høve til å gjere og ein har her å gjere med overskriding av mynde i frå fagutval for prosjektering, bygg og drift si side.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

innstilling:

Kommunestyret tek saka til etterretning.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
22.09.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kontrollutvalet i
Sula kommune
v/Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 Ålesund

Overføring av midlar på investeringsbudsjettet - PBD

Bakgrunn

I møte i fagutval for prosjektering, bygg og drift 11.03.2010 - PBD-sak 013/10 vart det gjort følgjande vedtak:

PBD-utvalet vedtek at veg 3 på Sunde skal byggast med finansiering av midlar frå Solavågsvegen med eit beløp på inntil kr 500.000,-. Beløpet skal først tilbake til Solavågsvegen frå løyvingar i 2011-budsjettet.

Ein kommunestyrerepresentant stilte etter dette i kommunestyremøte spørsmål til ordførar om vedtaket var lovleg. I møteprotokoll frå kommunestyremøte nr. 03/10 (25.03.2010) står følgjande:

Herdis Solevåg viste til at fagutvalet for prosjektering, bygg og drift hadde gjort vedtak om å løyve midler til bygging av veg 3 på Sunde, sjølv om kommunestyret har sagt nei til å byggje denne vegen no. Ho lurte på om ikkje kommunestyret sine vedtak er avgjerande og spurte kva som kan gjerast for å forhindre at kommunestyret sine vedtak vert overprøvd av utvala.

I påfølgjande kommunestyremøte 04/10 (06.05.2010) står det følgjande i protokollen under "Orientering":

Ordføraren viste til spørsmål frå Herdis Solevåg i førre møte vedk. veg 3 på Sunde, som han hadde bedt om å få svare på i dette møtet. Så vidt han kunne sjå er ikkje vedtaket i PBD-utvalet i strid med gjeldande regelverk, men saka vil bli oversendt til kontrollutvalet for vurdering.

I protokollen frå kommunestyremøte 05/10 (17.06.2010) er saka omtala igjen:

Herdis Solevåg viste til ordføraren sitt svar i førre møte på spørsmål vedk PBD-utvalet sitt vedtak om løyving til veg 3 i Slettereitplanen på Sunde, som ho hadde sett fram i møtet før det. Han hadde

då sagt at saka skulle oversendast til kontrollutvalet. Ho hadde rekna med at det ville kome ei vurdering derifrå til dette møtet og at bygging av vegen ikkje kunne starte før denne vurderinga låg føre. Til det svarte ordføraren at saka ikkje var lagt fram for kontrollutvalet enno og viste til at kommunestyret ikkje hadde gjort noko vedtak om å oppheve/overprøve PBD-utvalet sitt vedtak. Det vart heller ikkje sett fram noko formelt forslag om dette i møtet.

Saka vart etter dette sendt over til Kontrollutvalet, som i møte 02.07.2010 gjorde følgjande vedtak:
Kontrollutvalet bestiller ein gjennomgang/vurdering av saka frå kommunerevisjonen.

Fakta

1. Innhald i reglement

I økonomireglementet til Sula kommune 2.3.7, punkt D, heiter det:

"Sektorutvala er gitt fullmakt til å endre investeringsbudsjettet innanfor sine rammeområde når endringa gjeld auke i løyvinga til eit prosjekt/rammeløyving, og dekning skjer ved at løyvinga til eit anna prosjekt/rammeløyving innan samme rammeområde vert redusert tilsvarande."

Men det er slik at under punkt 2.3.5 i same reglement står det følgjande avgrensing:

Fullmakta etter dette reglement er avgrensa til budsjettsaker som ikkje omfattar:

- *tiltak som ein reknar med vil påføre kommunen økonomiske forpliktelsar utover årsbudsjettperioda.*
- *tiltak som strir mot dei mål, premissar og prioriteringar som er lagt til grunn for kommunestyret sitt vedtak*

Ein kan og leggje merke til følgjande i punkt 9.7:

Investeringar som berre er oppført i økonomiplanen har ikkje løyving. Løyvinga har berre investeringar som inngår i vedtatt årsbudsjett. For investeringar som går over fleire budsjettår er det bare gitt løyving i samband med dei enkelte årsbudsjett.

I delegasjonsreglementet heiter det:

Fagutvala får tildelt økonomiske rammer av kommunestyret. Fagutvala er tillagt mynde til å gjere korrigeringar innanfor sine budsjettammer, unntatt vedtak om nye tiltak og vesentleg utviding av igangverande tiltak, eller vesentleg reduksjon av eit tiltak.

2. Fordeling av investeringsmidlar i PBD

I budsjettvedtaket i Sula kommune for 2010 vart det avsett 2,2 mill. kroner i investeringsmidlar til "Nyinvesteringar veg". Det går ikkje fram av budsjettvedtaket, men vi forstår det slik at det er praksis at PBD-utvalet fordelar desse midlane på aktuelle prosjekt, og at dette dermed er ei

løyving som er å sjå på som noko PBD har mynde til å fordele (også jf. punkt 2.3.7 i økonomireglementet).

I sak om Aktivitetsplan 2009-2010 gjekk det mellom anna fram at:

B. Med heimel i Økonomireglementet §2.4 Fullmaktar til sektorutvala og K-sak 124/08 vedtar Fagutvalet for prosjektering, bygg og drift (PBD):

- 1. Rammeløyving på 2,2 mill. til "Veg/trafikktrygging – nyinvestering (kap 0.55) skal nyttast:*

....

Mao. var det slik at sjølv om saka gjekk til kommunestyret var punkt med fordeling av midlar frå rammeløyving allereie vedteke i PBD ut frå at dette var noko utvalet hadde mynde til.

I økonomireglementet til kommunen finst ikkje §2.4, og vi går ut frå at heimelen må vere meint å ligge i tidlegare omtala punkt 2.3.7.

3. Vedtak i planutvalet

Planutvalet hadde i møte 19.12.06 oppe til vurdering sak om "Utkast til avtale om utbygging av veg 3 – Slettereit Eiendommer as" (sak 107/06). Avtalen vart godkjend under føresetnad av nokre endringar. Eit av punkta i avtalen var at kommunen kunne stå for grunnkjøp under føresetnad av at tiltakshavar bygde vegen. Dette var og i tråd med tidlegare vedtak i februar 2006 (sak 009/06) om å kunne kjøpe grunn med føresetnad av at privat utbyggjar finansierte sjølve vegen.

I etterkant av dette trakk utbyggjar seg, og avtalen vart slik vi forstår det ikkje inngått.

Vurdering

Ut frå reglement og praksis har PBD mynde til å omdisponere midlar innanfor prosjektet "Veg/trafikktrygging – nyinvestering" innanfor budsjettåret.

Spørsmålet blir om dette også gjeld ved overføring av midlar frå Solavågsvegen til Veg 3 på Sunde i budsjettet for inneverande år. I saksutgreiinga frå rådmannen om denne saken går det mellom anna fram:

Aktivitetsplan for 2010 er nyleg vedteken utan at denne vegen er med. Vi har soleis ikkje disponible midlar utan å ta frå andre vedtekne prosjekt.

Det var PBD sjølv som i februar 2010 hadde vedteke denne aktivitetsplanen.

Vidare heitar det i saksutgreiinga til rådmannen at

I aktivitetsplanen er der disponibelt kr 2.497.000 til Solavågsvegen.

Dette kan kanskje mistolkast jf. at dette ikkje var ein del av vedteken plan for 2010-2011, men det er rett at det var ei ubrukt løyving frå 2009. (Vi forstår det slik at løyvinga var ubrukt fordi det var forseinkingar i prosjektet som følgje av at det stod eit hus i veggen for den løysinga som ga best vegføring).

Ein kunne kanskje vurdere dette i høve til delegasjonsreglementet som hindrar utvala å setje i gang nye tiltak. Dersom Veg 3 er å sjå på som eit nytt tiltak, kunne ein tolke det slik at reglementet ikkje opnar for å setje dette i gang. Men her er det nok meir naturleg å sjå på dette som ein del av tiltaket "Nyinvesteringar veg". I så fall vil ikkje delegasjonsreglementet tre inn.

Eit anna punkt er at dei aktuelle midlane var løyvd for budsjettåret 2009. Det er slik vi forstår det berre kommunestyret som har mynde til å overføre restløyvingar frå 2009 til 2010, og det gjorde kommunestyret i sak 026/10 (06.05.2010).

Det kan her m.a. visast til uttale frå KRD (Kommunal- og regionaldepartementet) datert 07. april 2010:

Vedtatt økonomiplan (unntatt vedtak for år 1 i økonomiplanen, dersom dette er vedtatt som årsbudsjett), eller tidlige års budsjettvedtak, kan etter vår vurdering av regelverket ikkje regnes som bevilgninger som underordnet organ kan disponere.

Slik vi vurderer det hadde difor PBD i mars 2010 berre høve til å disponere løyvinga for 2010, og det hadde PBD allereie gjort i februar 2010.¹

I vedtak i sak 026/10 stadfesta kommunestyret at heile ramma på Solavågsvegen skulle overførast til 2010 til same føremål. Dermed har kommunestyret eksplisitt sagt kva føremål midlane skal gå til, og då har kommunestyret etter vår vurdering i utgangspunktet lagt dette inn som del i det såkalla budsjettskjema 2B i staden for å overføre ei rammeløyving. Her kan det vere rom for andre vurderingar, men denne delproblemstillinga kunne vore unngått ved å leggje fram ein sak der kommunestyret vedtok eksplisitt overføring av ei rammeløyving. Det er elles slik at endringar i budsjettskjema 2B er det berre kommunestyret sjølv som kan gjere, og dette er ei mynde kommunestyret ikkje kan delegere.

¹ Her skal det leggjast til at dette sjølv sagt ikkje betyr at prosjekt som er i gong, må stoppe opp 1. januar i påvente av at løyvingar frå føregåande år skal overførast. Dette kan det finnast praktiske løysingar på for å unngå. Eksempel:

1. I utgangspunktet er eit budsjettvedtak bindande. Dersom administrasjonen veit at midlar ikkje kan brukast i tråd med vedtaket, skal det gjerast budsjettendring i tråd med dette. Altså kunne ein i 2009 redusert investeringsbudsjettet samstundes som ein i budsjetthandsaminga for 2010 auka løyvinga tilsvarende.
2. Dersom ein etter budsjetthandsaminga ser at det blir midlar "til overs" i 2009 som ein treng tidleg i 2010 før endeleg sak om overføring av midlar, kan det gjerast budsjettendringar tidleg i 2010 – uavhengig av tidspunkt før årsavslutning.

Vidare er det slik at mykje blir fanga opp ved at juridisk bindande avtalar kan følgjast uavhengig av om midlane er overført formelt.

Uavhengig av diskusjon over skulle saken etter vår vurdering vore sendt til kommunestyret ut frå at PBD i sitt vedtak seier at

Beløpet skal førast tilbake til Solavågsvegen frå løyvingar på 2011 budsjettet.

Dette viser at utvalet også har forskottert på midlar frå 2011, og det er i så fall noko utvalet etter vår vurdering ikkje har mynde til. Det kan vere slik at kommunestyret ved handsaming av budsjettet for 2011 ikkje finn å kunne løyve midlar til f.eks. "Nyinvesteringar veg", og dermed vil det ikkje vere inndekning slik utvalet har tenkt.

Når det gjeld vedtak i planutvalet er dette noko vi vurderer til ikkje å vere relevant for PBD i denne saka. Dersom det hadde vore inngått ein avtale hadde dette kunne vore annleis. Her skal det leggjast til at det alltid vil vere viktig at utvala får opplyst vurderingar som andre organ har gjort før utvalet gjer sine vurderingar og vedtak.

Oppsummering og tilråding


Slik vi vurderer det hadde ikkje PBD høve til omprioritere midlar frå Solevågsvegen til Veg 3 i mars 2010, og saken burde vore lagt fram til kommunestyret for endeleg avgjerd. Dersom det i mars hadde vore avklart at rammeløyving frå 2009 (som vedkom eitt ikkje-igangsett prosjekt) skulle overførast som rammeløyving til 2010, så ville PBD hatt høve til å omprioritere midlane, men ikkje med grunngjeving om at dette skulle "førast tilbake" i 2011.

Vi vil difor rå til at ein presiserer overfor utvalet at det ikkje er høve til å forskottere midlar frå år som kjem etter budsjettåret. I slike tilfelle bør saka leggjast fram for kommunestyret til handsaming.

Vi vil og rå til at ein gjer det klart at det i utgangspunktet ikkje er høve til å setje i gong nye tiltak med ubrukte midlar frå tidlegare år før kommunestyret har overført midlane til inneverande år (eller at det allereie er gjort vedtak i årsbudsjett jf. drøfting over).

Dersom ein ønskjer at dette skal vere midlar som utvalet skal kunne disponere, må overføringa gjerast på ein slik måte at det er ei rammeløyving som blir overført.

Med helsing


Kjell Bjørnsen
dagleg leiar


Kurt Løvoll
revisjonsrådgjevar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 11.10.2010

**SAK 15/10
VURDERING AV UAVHENGIGHEIT**

Som vedlegg følger:

- Eigenvurdering frå kommunerevisjonen datert 06.09.2010

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år gi ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet.

Ytterlegare informasjon om eigenvurderinga går fram av vedlegget.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

Til kontrollutvalget

i Sula kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. KommuneLoven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

<p>Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit</p>	<p><i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i></p>
<p>Pkt. 4: Nærstående</p>	<p><i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Giske kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i></p>
<p>Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Giske kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
<p>Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Giske kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i></p>
<p>Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige</p>	<p><i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Giske kommune.</i></p>
<p>Pkt. 8: Andre særegne forhold</p>	<p><i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i></p>

Ålesund, 6. september 2010

Kjetil Bjørnsen

Oppdragsansvarlig revisor Sula kommune

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i Sula

Dato: 11.10.2010

**SAK 16/10
KLAGE PÅ SAKSBEHANDLING I FRÅDELINGSSAK – HERLOF BJØRGE**

Det vert vist til tidlegare saksgang. Vi legg til grunn at saksdokumenta frå utvalet si behandling er framlagde og kjende. I sak 04/10 ba kontrollutvalet Sula kommune skriftleg å gjere greie for si saksbehandling og dei rettsreglar som er brukt i saka.

I sak 08/10 vart følgjande vedtak gjort: *Kontrollutvåleseksretariatet legg fram ei vurdering av saka til neste møte.* I sak 11/10 vart saka blir utsett og sendt tilbake til rådmannen for eventuell uttale derifrå.

Saksdokumenta frå forrige møte har i samsvar med vedtak blitt førelagt rådmannen for eventuell uttale. I epost datert 14.09.2010 frå rådmannen går m.a. følgjande fram: *Når det gjeld saksutgreiinga frå kontrollutvalet har rådmannen ikkje kommentarar utover det som kom fram i møtet. Den viktigaste korrigeringa som kom fram i møtet var etter vår oppfatning at melding om vedtak vart sendt klagar.*

Generelt:

Kontrollutvalet skal forestå løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, jfr. kommunelova § 77 nr. 1. Kontroll av at kommunen utfører ei forsvarleg saksbehandling i enkeltsaker vil falle inn under tilsynsoppgåvene.

Som vedlegg følger:

- Brev av 14.04.2010 frå Sula kommune
- Tidlegare behandling av saka i kontrollutvalget, sakene 04/10, 08/10 og 11/10

1. Materiellrettsleg problemstilling

I kva grad kan og bør kommunen påverke og styre arealdisponeringa etter Plan- og bygningslova opp mot dei private partane sine disposisjonar og ønskjer ?

Følgjande oppsummering vert lagt til grunn for kontrollutvalet:

2. Grunngjevingssplikta for enkeltvedtak

I vedtak den 17.11.2009, sak P-137/09, avslår Planutvalet søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen. Ved ei slik avgjerd vil forvaltninga, materielt sett, utøve sitt frie skjøn der det forutsetningsvis må gjerast ei konkret avveging av dei berørte interessene. Derved vil ein finne fram til om det, materielt sett, er grunnlag for å dispensere frå ein vedtatt plan eller ikkje.

Vedtaket ein her står over for er eit enkeltvedtak som etter forvaltningslova skal begrunnast, jfr. fvl. § 24 første ledd. Partar o.a. har for øvrig ein klagerett over slike vedtak. Likevel er vedtaket i Sula i dette tilfelle ikkje grunnlagt og dette inneber ein feil ved sakshandsaminga. Ei enkel konstatering av at dispensasjonssøknaden ikkje er i samsvar med den planen ein søker dispensasjon frå, kan vanskeleg sjåast på som ei grunngeving i lova si tyding. Søknaden vart avslått.

Det noko særegne er at vedtaket opphevar ein dispensasjon som allereie var gitt, rett nok på visse vilkår, men som vart fatta administrativt på grunnlag av delegasjon. Det vil då til vanleg vere eit sterkare behov for grunngeving, og samstundes meir naturleg, å gje ei grunngeving om kvifor utvalet no vil gå imot avgjerda.

Omgjering av vedtaket kunne etter lova kun begrunnast i ”hensynet til andre privatpersoner eller offentlige interesser”, jfr. fvl. § 35.

2. Omgjering enkeltvedtak utan klage, til skade for ein part

Under gangen i ei sak har forvaltninga ei utgreiings- og varslingsplikt. Ein berørt skal dessutan kunne stole på at vedtaket er endeleg og vere verna mot endringar til skade for seg etter at det er gått ei viss tid. Forvaltningslova §35 krev difor melding til den omgjeringa i tilfelle er til skade for.

Melding om at vedtaket vil bli overprøvd:

- må sendast parten innan tre veker etter at det vart sendt melding om vedtaket

Melding om at vedtaket er omgjort

- må sendast han innan tre månader etter at det vart sendt melding om vedtaket

Vedtaket av 10.08.2009, sak 151/09, innebar at dispensasjon blei gitt. Innan tre veker etter at dette positive vedtaket blei meddelt Bjørge måtte melding om at at vedtaket ville bli overprøvd vore sendt til han, jfr. fvl. §35, jfr. tredje ledd. Dette fordi det eventuelt kunne vere tale om ei omgjering til skade for søkjaren.

Sjølve omgjeringsvarselet til Bjørge er ikkje dokumentert. I kontrollutvalet sitt møte den 02.07.2010, sak 11/10, opplyste rådmann Edvard Devold likevel at slik melding var blitt sendt. Og e-post av 14.09.2010 frå han til sekretariatet vel vi å tolke som ei stadfesting av dette, då rådmannen skriv at ”melding om vedtak vart sendt klagar”.

Ein går difor ikkje nærare inn på kva for verknader som kunne følgje av manglande melding.

3. Verknadene av feil i sakshandsaminga

Det er ovafor konstatert at eit enkeltvedtak har ein feil ved at det ikkje er begrunna, eller at det i beste fall ligg føre ei utydeleg eller utilstrekkeleg grunngeving. Saka er dermed ikkje behandla slik lova krev, dvs. at det ligg føre ein saksbehandlingsfeil.

Forvaltningslova § 41 lyder:

Er reglene om behandlingsmåten i denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven ikke overholdt ved behandlingen av en sak som gjelder enkeltvedtak, er vedtaket likevel gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikke kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold.

Mangelfull eller utelatt samtidig grunngjeving etter § 24 første ledd vil generelt kunne føre til at vedtaket blir ugyldig, til gunst for parten.

Når vedtaket som her manglar reell grunngjeving, vil det mangle ein garanti for at saka har vore forsvarleg og rett vurdert.

I dispensasjonssaker som her er det tale om skjønsmessige vedtak. Grunngjeving vil då vere særleg viktig og kunne bidra til svar på om skjønnsutøvinga bygg på rette forutsetningar. På den andre sida burde Planutvalget ikkje ha vanskar med å gå imot dispensasjonar som vil gjere det vanskeleg å oppfylle tidlegare reguleringsplanvedtak, dersom dette er den rette vurderinga. Men om slike tankar var begrunnelsen for avslaget, kan det altså ikkje uttalast noko nærare om.

Under ei eventuell ny handsaming av dispensasjonsvedtaket under sak 151/09 vil 3 månadersfristen for omgjerung til skade for parten, jfr. fvl. § 35, vere utløpt.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å ta saka under forvaltningsrettsleg klagehandsaming. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan. Men utvalet vil påpeike feil ved sakshandsaminga. Det må deretter bli opp til administrasjonen å foreslå for dei rette organa korleis feila kan rettast opp.

På bakgrunn av ovanstående og det som no ligg føre legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet konstaterer at formelle sider ved Sula kommune si saksbehandling når det gjeld den aktuelle frådelingssaka kunne vore handtert på ein annan måte.
2. Melding om kontrollutvalet sitt vedtak vert å sende Herlof Bjørge og bustyrar advokat Inger-Marie Sperre til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kjetil Kvammen
advokat

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i Sula

Dato: 24.03.2010

**SAK 04/10
KLAGE PÅ SAKSBEHANDLING I FRÅDELINGSSAK – HERLOF BJØRGE**

Som vedlegg følger:

- Skriv frå Herlof Bjørge

Ovannemnde har kontakta kontrollutvalget ved ekspedisjon av 22.02.d.å.

1. Faktisk bakgrunn

Dei breva som er mottekne fra Bjørge kan sammenfattast slik:

Bjørge er medarving i buet etter sin avdøde onkel Adolf Godø som var grunneigar på Øvre Salen i Sula kommune. Buet blir skifta med advokat Inger Sperre, Ålesund, som bustyrar.

Bjørge har hatt avtale med buet om få frådelt og kjøpe areal på ca. 220 m² med ein påståande låvebygning, samt ytterlegare ca. 400 m² tilleggsareal. Samla ville dette, i følgje den kommunale saksbehandlaren sine eventuelle tidlegare uttalar, kunne utgjøre ei boligtomt.

Før frådelingssøknaden av 03.04.2009 vart behandla, gjorde bustyrer avtale om å selge tilleggsarealet til andre. Bjørge meiner altså at bubestyrer gjorde kjøpsavtale på vegne av buet før søknad av 03.04.2009 var behandla og derfor utan eigentleg å vite kva som gikk med i salget.

Deretter vart frådeling kun av dei 220 m² godkjent, medan den delen av søknaden som gjaldt tilleggsarealet vart nekta. Bjørge hevdar at saksbehandlar hadde blitt påverka av bustyrer til å avgjere søknaden i samsvar med det salget bustyrer alt hadde bunde seg til. Bjørge hevdar at dette var den reelle grunnen til at tilleggsarealet ikkje samtidig vart inkludert i den frådelinga som vart godkjent.

Det kjem fram at Bjørge kan kjøpe dei 400 m² frå den nye eigaren. Men Bjørge føler seg likevel lurt og meiner at dette i så fall vil påføre boet sine arvingar eit økonomisk tap i tillegg til at han har tapt ei bustadtomt.

Bjørge går no mot saksbehandlinga og særleg saksbehandlar si rolle. Det er nemlig i ettertid regulert inn ei bustadtomt på ca. 1.000 m² i området. Saksbehandlar skal ha opplyst at avslaget vedkomande tilleggsarealet var grunna i at søknaden ikkje var i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Bjørge meiner at dette er feil då det faste utvalet for plansaker

hadde gitt dispensasjon frå reguleringsplanen. Bjørge meiner at saksbehandlar dermed, med støtte i delegert mynde, har overkøyrt det politiske hovedutvalet.

2. Sekretariatet si vurdering

Kontrollutvalet skal førestå løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, jfr. kommunelova § 77 nr. 1. Kontroll av at kommunen sine vedtak er innafor lova når det gjeld saksbehandling vil i prinsippet falle inn under tilsynsoppgåvene. Men utvalet er ikke eit klageorgan. Dei spørsmåla som her er stillt er også i stor grad av privatrettsleg art. Grunnlaget for kritikken mot kommunen er langt på veg forankra i munnlege uttalar som normalt er vanskeleg å etterprøve. Ein må ta eit visst atterhald om at det Herlof Bjørge har skreve er oppfatta korrekt, men saka sin karakter tilseier ikkje at det blir iverksett nærare saksbehandling frå kontrollutvalget si side før ein veit kva som måtte vere sagt eller nedfelt skriftleg fra kommunen si side. For enkeltvedtak føreligg etter lova grunngevingssplikt og klagerett samt krav til saksbehandlinga. Stortinget sin ombudsmann for forvaltninga er også klageinstans. Etter ombudsmannslova § 6 kan einkvar som meiner å ha blitt utsett for urett frå den offentlege forvaltninga si side klage og klagefristen er normalt eit år.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag til slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet ber Sula kommune skriftleg gjere greie for si saksbehandling og dei rettsreglar som er brukt.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 22.04.2010

SAK 08/10
KLAGE PÅ SAKSBEHANDLING I FRÅDELINGSSAK – HERLOF BJØRGE
(jf sak 04/10)

Som vedlegg følger:

- Brev frå Sula kommunedatert 14.04.2010

Det blir lagt opp til ei drøfting kor vidt kontrollutvalet skal gå nærare inn i saka.

Harald Rogne
dagleg leiar



Sunnmøre kontrollutvalsekretariat iks
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref.:
10/5270

Saksbeh.:
LM

Ark.:
96/2

Dykkar ref.:

Dato:
14.04.2010

UTGREIING OM SAKSBEHANDLING I DELINGSSAK GNR.96 BNR.2, SULA KOMMUNE

Viser til Dykkar brev av 26.03.2010 vedkomande sak 04/10: Klage på saksbehandling i frådelingssak – Herlof Bjørge.

Sula kommune har behandla denne delingssaka utifrå mottatt søknad frå bustyraren. Ifølgje bustyreattest/fullmakt frå Sunnmøre tingrett er det opna offentleg skifte i buet etter Adolf Godø, og retten har oppnemnt advokat Inger Marie Sperre som bustyrar. Bustyrar forestår, på retten sine vegne, forvaltninga av buet og har fullmakt til å ordne alt i samband med bubehandlinga og buoppgjeret.

Dette betyr at det berre er bustyraren som kan rekvirere deling av eigedomen gnr.96 bnr.2, og det er søknad frå bustyrar som skal behandlast. Sula kommune har ikkje noko med korleis bubehandlinga og buoppgjeret vert gjennomført. Avtalar som Bjørge har hatt med buet er såleis Sula kommune uvedkomande.

Søknaden om frådeling av "løetomta" (sjå vedlegg) vart med heime i Sula kommune sitt delegasjonsreglement kap.7.2 pkt 2, andre kulepunkt, først behandla administrativt. Det vart då, utifrå at dette var eit arveoppgjær, gitt løyve til frådeling av ein parsell med areal ca 220m2, slik som omsøkt, men då på visse vilkår. Jfr vedlagt saksframlegg og vedtak datert 10.08.09, sak 151/09.

Som part i saka, klaga Bjørge på vedtaket, og klagesaka vart lagt fram for planutvalet i møte 17.11.09, P-sak 137/09. Planutvalet oppheva då tidlegare delegasjonsvedtak og gjorde følgjande vedtak: *Det faste utvalet for plansaker viser til vedtatt reguleringsplan og finn ikkje å kunne gi dispensasjon som omsøkt.*

Grunngjeving. Den omsøkte delinga er ikkje i samsvar med gjeldande reguleringsplan
Planutvalet sitt vedtak vart oversendt partane.

Det har ikkje kome klage på dette vedtaket og det er no planutvalet sitt vedtak som gjeld i saka. Saka er dermed avslutta.

Adresse:	Telefon:	E-post:	Bankgiro:	Foretaksnr.:
Postboks 280	Sentralbord: 70 19 91 00	postmottak@sula.kommune.no	3910 32 90515	964 980 543
6039 LANGEVÅG	Saksbeh: 70 19 91 00	Web:	Skattekonto:	
	Telefaks: 70 19 91 01	www.sula.kommune.no	6345 06 15317	


Bustyrar har ikkje kome med ny søknad om frådelling av "løetomt" med arrondering i samsvar med reguleringsplanen.

Kopi av gjeldande reguleringsplan for området, godkjent 15.12.1982, ligg ved. Det er i ettertid ikkje gjort endringar i reguleringsplan for dette området.

Dei vedlagde saksframlegga viser kva for vurderingar som er gjort i denne saka.

Dersom det er behov for ytterlegare opplysingar er det berre å ta kontakt med underteikna.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Leif Mun', written over the typed name and title.

Leif Mun
driftseiningssleiar

Vedlegg:

Delingssøknad

Bustyrerattest/fullmakt

Delegasjonsreglement

Saksframlegg delegasjonssak

Uttale frå bustyrar til klage frå Bjørge.

Saksframlegg og vedtak i planutvalet

Kopi av del av gjeldande reguleringsplan

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 28.06.2010

**SAK 11/10
KLAGE PÅ SAKSBEHANDLING I FRÅDELINGSSAK – HERLOF BJØRGE**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Sula kommune datert 14.04.2010
- Brev frå advokat Kjetil Kvammen datert 10.06.2010
- Tidlegare behandling av saka i kontrollutvalet, sak 04/10 og 08/10

Det blir vist til dokumenta ovanfor og underliggande dokument frå desse sakene som er sendt ut tidlegare.

Den delen av sakskomplekset som gjeld privatrettslege forhold ligg utanfor kontrollutvalet sitt kompetanseområde. Kontrollutvalet vil derfor berre ta stilling til kommunen si rolle i saka.

Som går fram av brevet frå advokat Kjetil Kvammen manglar planutvalet sitt vedtak grunngjeving. Det blir i brevet også vist til forvaltningslova § 35 om omgjerung til skade for ein part og melding om at overprøving vil bli gjort samt tidsfristar for dette.

Tilråding til vedtak blir lagt fram i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar

NOTAT

Til
Kontrollutvalgssekretariat: SKS IKS

Dato: 10.06.2010

Sak: Sula kontrollutval, sak nr.: 08/10

Klagers navn: Herlof Bjørge, Urvika 6, 6030 Langevåg

Saken gjelder: Klage over saksbehandling i fradelingssak

Jeg viser til fremlagte dokument og fremkommer nedenfor med mine kommentarer til disse:

1. Dødsboets rolle i forhold til regelverket

Under offentlig skifte av dødsbo har den oppnevnte bobestyrer de oppgaver som fremgår av skifteloven kapittel 13A. Bobestyreren forutsettes å ta seg av hele bobehandlingen, inklusive salg av fast eiendom i boet. Hun har i angjeldende sak fått fullmakt til å utføre et slikt oppdrag.

Ovennevnte setter ikke bobestyrer i noen særstilling i forhold til andre private når det gjelder å råde over fast eiendom. Et dødsbo under offentlig skifte, og boets bestyrer, er underlagt de samme privat- og offentligrettslige regler i plan- og bygningsammenheng som andre private.

Når dette er sagt, må det for ordens skyld presiseres at i sitt delegasjonsreglement av 10.04.2008 har Sula kommune en særregel for dødsbo. Rådmannen kan etter reglementet, ved fradelinger, dispensere fra reguleringsplanen, dog uten å dispensere fra reguleringsformålet, hvilket heller ikke er tillatt i h.t. loven. Det er etter pbl. § 7 (jfr. någjeldende § 19-2) kun tillatt å gi dispensasjon for mindre vesentlige endringer. Fravik fra formålet er sjelden eller aldri mindre vesentlig.

Jeg ser ellers ikke delegasjonsreglementet som noe poeng i saken.

2. Klagerens avtaler med boet

Ved realisasjon av fast eiendom utenom odelstilfellene kan det på skifte etter avdøde ofte bli tvist mellom arvingene om hvem som skal ha eiendommen utlagt. Skifteloven § 61 har regler for

dette, men som oftest blir naturalutlegget ordnet ved avtale. I så måte virker nærværende sak klassisk.

Her har Herlof Bjørge tydeligvis skaffet seg en slik avtale med boet. Men partene er tydeligvis uenige om hva avtalen går ut på. Den er for øvrig ikke dokumentert. Det ser ut som om den er muntlig, bygget på uttalte ønsker fra avdøde, om at Bjørge skulle være den som overtok låvebygningen. Da må det medfølge tomt.

Jeg ser årsaken til tvisten og de oppkommende spørsmål som i det alt vesentlige til å skrive seg fra uklarheter, og/eller manglende gjennomførbarhet av boets avtale, med arvingen Bjørge. Både innholdet i den privatrettslige avtalen og gjennomføringen av den, herunder evt. spørsmål om gyldighet, ligger imidlertid helt utenfor det kommunen kan involvere seg i. Det er en privatrettslig sak mellom Bjørge og dødsboet.

Mener arvingen Bjørge at han har krav på å få gjennomført en avtale med boet om å overta hele gnr. 96 bnr. 2, så får han anlegge skiftetvist mot dødsboet ved Sunnmøre tingrett og få avtalens innhold klarlagt. Vinner han saken, kan det fremmes ny fradelingssøknad som omfatter det han har krav på å overta. En slik fradelingssøknad stemmer med reguleringsplanen og vil derfor ventelig ”passere”.

Men slik forstår jeg ikke det som er sagt om avtalen. I sitt brev av 01.10.2009 til kommunen skriver bobestyrer at kommunen har håndtert fradelingssøknaden vedrørende låven i samsvar med avtalen, dvs. avtalen med Bjørge. Når søknaden ikke omfattet et større areal, så er det kort og greit fordi Herlof Bjørge ikke har kjøpt / villet betale for hele gnr. 96 bnr. 2.

Dette er oppklarende, og det virker logisk. Man står da igjen med at arvingen Bjørge mener at hans avdøde onkel har gitt et løfte som går lenger hans medarvinger, i allefall uten vederlag, er villige til å akseptere. Noe testament foreligger etter det en kan forstå ikke, slik at allerede ved overtakelsen av lóa kan Bjørges medarvinger reise spørsmål om reglene om dødsdisposisjoner. Vi står da igjen med en tvist mellom arvinger. Den hører ikke hjemme i Sula kommune. Dette gjelder altså helt klart i utgangspunktet.

Om bobestyrer skulle ha inngitt en fradelingssøknad før det ble klart hva boet skulle selge endrer ikke dette.

3. Kommunens rolle og saksbehandlingen

Jeg viser til saksbehandler Muris brev av 14.ds. til kontrollutvalgssekretariatet. Brevet kan være egnet til litt misforståelse.

Det ser ut som om saksbehandler unødig fremhever bobestyrers ”altomfattende” myndighet. Det er det ingen grunn til. Søknaden om fradeling blir ikke noe annet enn en likeverdig søknad fra privat part.

I brevets 3. avsnitt heter det videre at ”Sula kommune har ikkje noko med korleis bubehandlinga og buoppgjeret vert gjennomført. Avtalar som Bjørge har hatt med buet er såleis Sula kommune

urvedkomande”. Dette kan misforstås. Det er selvsagt av interesse og betydning for kommunens behandling etter plan- og bygningsloven hvordan hensiktsmessigheten av det omsøkte blir. Boets disponering av resteiendommen er for eksempel ikke irrelevant. Om denne er det ikke gitt noen som helst opplysning. Hvem skal overta her, og hvor hensiktsmessig er det å behandle fradelingssøknaden før slike opplysninger er klare, evt. skiftetvist om temaet rettskraftig avgjort ?

Fordi dokumentasjon om restarealene ikke er fremlagt blir det vanskelig å gjøre seg opp en mening om bobestyrer har hatt noen form for ”hastverk” med å få eiendomsretten til løa over på Bjørge, evt. hvorfor dette i det hele skulle haste. Jeg øyner for min del ikke noe slikt.

4. Planutvalgets vedtak mangler begrunnelse

Planutvalget opphevet delegasjonsvedtaket og har på visse vilkår rett til det. Men utvalgets begrunnelse i saken, sak nr. P-137/09, kan ikke oppfylle lovens krav, da den faktisk etter sitt innhold ikke inneholder noen begrunnelse. Vedtaket av 17.11.2009 i Planutvalget går ut på å avslå å dispensere fra reguleringsplanen. Angitt begrunnelse: Søknaden er ikke i samsvar med reguleringsplanen! Ingen har automatisk krav på dispensasjon selv om lovens vilkår synes oppfylt, jfr. ”kan” (pbl. § 7). Men Planutvalgets nektelse av å dispensere burde vært begrunnet, nettopp her som det er tale om opphevelse av en dispensasjon som fra før er innvilget av administrasjonen.

En må anta at den reelle begrunnelsen er at fradelingsvedtaket er at vedtaket blir for vanskelig å håndheve opp mot reguleringsplanen, sett i forhold til de vilkår som administrasjonen har foreslått satt. Disse går på fremtiden og mye kan som kjent spille inn og forvanske planens gjennomføring på sikt. Jeg har derfor en viss ”planfaglig” forståelse for Planutvalgets omgjøring.

5. Omgjøring av vedtak

Herlof Bjørge klager over å ha fått fradelt for liten tomt. Som kjøper har han nok ”rettslig klageinteresse”, jfr. fvl. § 28. Men han kan ikke klage over at Sula kommune har fradelt et for lite areal når søknaden ikke omfatter mer, fordi Bjørge rett og slett ikke har kjøpt mer av boet. Uklarheter her må Bjørge ta med boet, se ovenfor.

Men Planutvalgets ”svar” på klagen er i realiteten et avslag av å komme klager i møte, kombinert med en omgjøring.

Regler for omgjøring til skade for noen som et vedtak retter seg mot eller direkte tilgodeser har vi i fvl. § 35, jfr. 3. ledd. Melding om at vedtaket vil bli overprøvd, måtte i så fall vært sendt Bjørge innen tre uker etter at det ble sendt melding om vedtaket av 10.08.2009, sak 151/09. Det fremgår ikke at så har skjedd.

Omgjøringsvedtak er enkeltvedtak og kan påklages etter § 28 innen de vanlige klagefrister. Det kan ikke sees å ha blitt gjort her. Det bemerkes ellers at fvl. § 35 fjerde ledd har noen særregler for visse kommunale organ.

I den foreliggende situasjon var det imidlertid naturlig å forvente at kommunen vurderer sin omgjøringskompetanse til skade for den private, men så har ikke skjedd.

6. Klagen

Fradelingssøknad av 03.04.2009 er dokumentert og omhandler kun arealet 220 m². Bjørge kan da vanskelig høres med at kommunen har gått bobestyrers ærend for å komme unna avtalen om salg av et større areal til Bjørge.

Dernest heter det i klagen, dersom jeg forstår den rett, at Planutvalget hadde dispensert fra reguleringsplanen. Dokumentasjonen viser imidlertid det motsatte.

Når grunnlaget for kritikk mot kommunen er forankret i påstander som ikke er dokumentert, så blir det vanskelig å legge slike til grunn. De må dokumenteres av den som mener at uttalelser eller forhold foreligger. I dette tilfelle synes det å være klageren selv.

7. Div. vedrørende lovvalg

Ny plan- og bygningslov ble vedtatt i 2008. Plandelen ble satt i verk fra 01.07.2009, mens byggesaksdelen ennå ikke er trådt i kraft. Reglene om dispensasjon trådte i kraft 01.07.2009 og avgjørelsen i sak 151/09 om dispensasjon skulle derfor antagelig ha fulgt reglene i ny plan- og bygningslov kap. 19.

10.06.2010

Kjetil Kvammen
advokat

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.10.2010

**SAK 17/10
BORGUNDFJORDTUNNELEN – OVERSENDINGSSKRIV FRÅ ØYSTEIN GRØNMYR**

Som vedlegg følgjer:

- Oversendingsskriv frå Øystein Grønmyr

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval.

I flg. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet føre løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Dette går fram av § 4 som lyder slik:

Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.

Ein vil spesielt presisere siste setning i sitatet ovanfor.

Kontrollutvalet har ikkje plikt til å behandle andre saker enn dei som utvalet får seg førelagt av kommunestyret eller der det går fram av lov eller forskrift.

Kontrollutvalet er etter gjeldande lov og forskrift ikkje ein kommunal klageinstans, men vil i kvart enkelt tilfelle vurdere om det ut i frå m.a. vesentlegheitsvurderingar kan vere formålstenleg å ta opp slike saker.

Kontrollutvalet kan derimot av eige tiltak i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd så lenge dette kan definerast som tilsyn eller kontroll. Når det gjeld bestillingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer til under utvalet sitt kompetanseområde og om det er ønskjeleg å prioritere denne.

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å avgjere ei sak til gunst eller ugunst for ein part, men kan naturleg nok dersom utvalet ønskjer det og økonomiske ressursar er stilt til rådvelde, undersøkje korleis saksbehandlinga i kommunen er gjort.

I dette konkrete høvet blir kontrollutvalet, dersom utvalet går inn i saka, ein ”klageinstans” som eit mindretal i formannskapet vender seg til etter å ha fått eit fleirtal mot seg. Ein slik funksjon skal kontrollutvalet i utgangspunktet ikkje ha. Uavhengig av kva som er rett eller feil, bør denne saka, før kontrollutvalet eventuelt grip inn, bli prøvd løyst politisk.

Kommunelova har eigne reglar om lovlegkontroll, det som før heitte mindretalsanke (Kl § 59). Ordninga går ut på at tre medlem av kommunestyret skal kunne ta ei kommunal avgjerd (endeleg avgjerd), uansett om den er gjort i eit folkevald organ eller i administrasjonen inn for statleg kontrollinstans til lovlegkontroll. Vedtaket som formannskapet har gjort synest, dersom vedtaket er endeleg, å kome inn under ordninga om lovlegkontroll. Men fristen for krav om lovlegkontroll er tre veker frå det tidspunktet avgjersla er gjort. Problemstillinga kan vidare på ulike måtar kome kommunestyret til kunnskap og bli realitetsbehandla, jf til dømes endring av sakliste og forespørslar etter kommunelova § 34. Dette vil gje kommunestyret sjølv høve til å avgjere denne problemstillinga.

Kontrollutvalsekretariatet er av den oppfatninga at kontrollutvalet ikkje bør gå inn i politiske prosessar som ikkje er avslutta og som det politiske miljøet sjølv har best føresetnader til løyse. Kontrollutvalet saman med kommunestyret bør oftast vere ein siste instans.

Øystein Grønmyr tek opp eit viktig tema. Spørsmålet er kven som bør løyse det.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet vil ikkje gå inn i saka på det noverande tidspunktet, men har saka til observasjon.

Harald Rogne
dagleg leiar

Borgundfjordtunnelen:

Formannskapet på kollisjonskurs med kommunestyret?

I sak 038/10 om tunnel under Borgundfjorden og veg Mauseid-Vedde vedtok Sula kommunestyre 17.06.10 mellom anna:

- Det vidare arbeidet skal samordnast med arbeidet som gjeld framtidige fjordkryssingar for E 39 og Hareid Fastlandssamband
- Det vidare arbeidet med reguleringsplan og konsekvensutgreiing skal vente til det ligg føre avtale mellom dei aktuelle partane om finansiering av dette arbeidet

Som forslagsstillar til begge desse punkta streka eg under

- at Sula no måtte vente til vurderinga frå Statens Vegvesen om framtidig linje for E 39 Skei i Jølster – Moa i Ålesund ligg føre våren 2011, og
- at Statens Vegvesen som ansvarleg for eit hovudvegsamband som dette vil vere, måtte ta hovudtyngda av finansieringa av konsekvensutgreiing og eventuell etterfølgjande regulering, og der Sula sitt eventuelle bidrag i "potten" måtte vere minimalt.

I debatten i kommunestyret registrerte eg ingen som hevda noko anna. Og det stod eit samla kommunestyre bak vedtaket i saka. Dermed skulle ein tru at alle i forsamlinga hadde klart for seg den vidare gangen i saka.

Men kort tid etter, 29.06.10, vedtok formannskapet med seks mot ei røyst å nytte inntil kr 362.000 ekskl. MVA til konsekvensutgreiing i regi av Bytunnelen AS i Ålesund. Ein røysta mot og krevde slik protokolltilførsel: *"Formannskapet sitt vedtak er i strid med kommunestyret sitt vedtak i K-sak 038/10"*

I sakspapira til formannskapet blir vedtaket i kommunestyret referert, men rådmannen drøftar ikkje korleis formannskapet må oppfatte dette vedtaket. Rådmannen har ei særleg plikt til å klargjere formelle sider slik at eit underordna politisk organ (formannskapet) ikkje gjer vedtak i strid med vedtak i overordna organ (kommunestyret). Uavhengig av dette har organet eit sjølvstendig ansvar for ikkje å gjere vedtak i strid med vedtak i overordna organ.

Eit anna spørsmål er kvifor verken rådmann, ordførar eller varaordførar informerte kommunestyret 17.06. om saka som kom opp i formannskapet 29.06. Kom denne saka like overraskande på desse som ho gjorde på meg og andre i kommunestyret, eller valde dei å ikkje informere kommunestyret om saka? Kva var i tilfelle grunnen til det? Dette var sentrale opplysningar som kommunestyret burde fått. Og kvifor vart ikkje saka i formannskapet 29.06. send vidare til kommunestyret?

Dette er ei av dei viktigaste sakene Sula kommunestyre har hatt. Det er viktig at kommunestyret har styringa, at all relevant informasjon blir gitt til kommunestyret, og at kommunestyret gjer vedtaka om vidare arbeid og pengebruk.

Eg ser fram til ei orientering i Sulaposten frå den administrative og politiske leiinga i Sula kommune.

Øystein Grønmyr
Sulalista